



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 4

AUGUST 2024

135. ÅRG.



SOMMARSTILLA

Foto: Britt Sissel Nesheim

Jørn Øyrehagen Sunde
Usedvanleg mellomalderkonge

Ragnhild Jepsen
Verdiåret 2024

Alf Tore Hommedal
Kva skjedde på Moster i 1024?



Varda veg: Det er mange vakre stiar i fjellet. Her på veg mot Bingsbua i Espedalen i Innlandet. Foto: Marianne Bækken Christiansen

Eg er vegen

Av Grete Svendsen

På framsida av siste utgåva av Stille Stunder såg eg eit bilete som vekte mange gode minne. Turistforeninga sin velkjende T minte meg om mang ein tur i den norske fjellheimen den gongen eg var yngre og sprekare. Særleg kom eg til å tenkje på ein gong vi var tre venninner som skulle gå frå Trollheimshytta til Rinndal. Før vi gjekk av stad, prata vi litt med ein av dei tilsette der. Ho sa at det skulle vere grei sti, men at det ikkje var så mange som gjekk den vegen.

Spente la vi i veg. Men etter eit par timar (trur eg det var) møtte vi noko vi ikkje var budde på og som ikkje vart sagt på Trollheimshytta: Stien enda brått i eit oppregulert vatn! Seinare fekk vi vita at endåtil setertufter hadde vorte neddemde

der! Kva no? Ikkje spor av sti å sjå. Men vidare måtte vi. Så var det å peile ut retninga og forsere både krattskog og myr. Langt om lenge kom vi opp på eit høgdedrag der det låg ei seter. Sanneleg: Der var det folk! Og endå betre: Der var det ein kar som skulle til bygds og som var lommekjend i området. Han sto på farten, og vi ga oss i lag med han. Hadde vi vore der nokre minutt seinare, ville dette følgjet ikkje vore mogleg.

Langs vegen vi gjekk, var det eigentleg ikkje mykje sti å sjå. Av og til dukka han opp og av og til såg vi svake spor etter ein T på ein stein. For oss hadde det ikkje vore mogleg å finne dette faret! Men nå hadde vi følgje. Han var ein litt eldre gubbe,- ikkje av dei «høge

og mørke». Men det som talde her, var at han kjende vegen. Ja: For oss VAR han vegen! Og etter ei sær lang dagsvandring kom vi trygt fram til Rinndal, og rakk endåtil siste bussen.

For meg vart denne hendinga eit bilete på korleis Jesus er vegen for oss. Her gjeld det ikkje å sjå etter ein flott person av rang, men etter ein kjentmann. Det gjeld å halde seg til han og stole på han, og ikkje på eiga evne til å finna fram. Han åleine kan leie oss «heim», - til Gud.

Grete Svendsen kjem frå Lillehammer og er utdanna lektor. Ho har mellom anna arbeidd i Noregs kristelege student- og skuleungdomslag, Bibelskulen i Grimstad og ved Sandom Retreatsenter i Lom.

Du kan syne han hendene dine

Av Nils-Petter Enstad

Du kan syne han hendene dine.
Merkte av slit,
av arbeid og sut,
av liv som er levd,
av ansvar du tok.

Du kan syne han hendene dine,
og kjenne at han tek deg opp i si.

Du kan syne han augo dine.
Augo som ofte rann over
når tårene strøynde,
i glede og sorg
over alt som du såg
og alt det du røynde i livet.

Du kan syne han augo dine,
og kjenne hans augo på deg.

13. september 2004



Illustrasjonsfoto frå Pixels.

Diktarpresten Anders Hovden vitja ein gong ei gamal kone som grudde seg for kva ho skulle syne Frelsaren når ho møtte han. Ho hadde hatt åtte born og slite heile livet på ein liten gard. Det var ho merka av. – Kva skal eg kunne syne Meisteren? spurde ho presten. – Du kan syne han hendene dine, svara Hovden. Det svaret er bakgrunnen for at eg skreiv dette diktet for akkurat 20 år sidan.

Nils-Petter Enstad jobba lenge i Frelsesarmeen i Noreg, Island og Danmark. I dag bur han i Arendal og er frilansar og forfattar.

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rølsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024
E-post: stillestunder@gmail.com
Nettside: www.stillestunder.no
Bladet kostar kr 250,- pr år
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, leiar
Lærer Borghild Melve,
Lektor Torill Markussen Ringheim,
Sokneprest Ådne Skiftun.
Redaktørar: Hanne Marie Molde
Trond Ivar Bækken
Munkebekken 404, 1061 Oslo
Tlf.: 952 70 503
E-post: hannemariemolde@hotmail.com
Forretningsfører: Rolf-Atle Rølsnes
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Motkraft og medkjensle i Verdiåret 2024

Av Ragnhild Jepsen

Kva verdjar er umisselege for oss, også i ei tid med mangfald, religionsfridom og rom for det einskilde mennesket til å meine, tru og tenke?

Når vi dette året markerer tusen år for kristenretten, er det rett at vi både i kyrkje og samfunn reflekterer over kva det var vi fekk på Moster i 1024 som har prega levesett og livsførsel i våre fellesskap. Kva av dette er vidareført eller kan overførast til vår tid?

Likskap mellom alle

Det mest radikale med kristenretten er prinsippa den fremmer for likskap mellom alle menneske. Alle skulle døypast, om du var konge eller træl, kvinne eller mann, barn eller vaksen. Alle menneske blir dermed innvigde til det same i det ytre som skjer gjennom vatnet og ordet, og dermed også til den gåva som blir gjeven; oppdraget og mynnet som alle døypte blir berarar av. Og som gjer at den døypte blir gjeven mynde til å heve si røyst og forkynne det same som Jesus gjer då han opnar bokrullen og les i synagogen i Nasaret som inngang til si gjerning på jorda: Å forkynna ein god bodskap for fattige, å ropa ut at fangar skal



Folkefest på Moster: I år er det 1000 år sidan Olav den heilage innførte kristenretten i Noreg, og i sommar var det storslått jubileumsveke på Moster der det heile skjedde.
Foto: Peter Tubaas, Vestland Media for Moster 2024 AS

få fridom og at blinde skal få sjå, å setja undertrykte fri og å ropa ut eit nådeår for Herren.

“Min neste” er ikkje lenger berre den som er min slektning, som høyrer til same ætt eller har same stand. Min neste er også den frammande, kroppsleggjort gjennom pilegrimen som treng ly, omsorg og mat. Systematiseringa av omsorg veks i hundreåra etter 1024 fram gjennom oppretting av hospital og diakonale institusjonar. Det fulle menneskelege potensialet blir verkeleggjort først og fremst i medkjensle. Det er Jesu veg. Det skjer når han viser

miskunn, når han oppgjev sin plass for dei andre. Og det skjer når vi ser sårbarheita til mennesket og fremmer *den andre*. Mennesket i sitt sanne menneskelege er ho som orkar å vere i lidinga, i stanken, i det djupaste av smerten der vårt medmenneske er.

Kyrkja som motkraft

Tusenårsmarkeringa for kristenretten bør slik vere eit høve for oss til å synleggjere kyrkja sitt kall til å vere ei *motkraft*. Vi er kalla til å stå opp mot uretten som skjer i verda nær oss og langt

borte. Det er ikkje noko vi som kyrkje har kome opp med i nyare tid. Det er djupt forankra i evangeliet om Jesus Kristus, og det har prega kyrkja gjennom to tusen år. Det vil seie – det har alltid vore der som eit kall nokon har kjent på. Men så har også makt og privilegium hjå nokre få gjort at dei som har stått opp mot uretten, har fått kjenne motkraft og utstøyting.

Dei fire guddomlege systrene

Det er vanskeleg ikkje også å sjå 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov i samanheng med jubileet for kristenretten. Magnus si oppseding og utdanning hjå fransiskanarane og synet for den diakonale tenesta og den minste mellom oss, gjennomsyra lovverket, som då det var ferdig i 1274, var radikalt for si tid. Eit viktig moment i domsavseiingar, ifølgje Landslova,, var dugleiken til dei fire guddomlege systrene slik det står i Salme 85: – *Miskunn og Sanning skal møta kvarandre, Rettferd og Fred skal kyssa kvarandre*. Ved domsavseiingar skulle desse fire dygdene verte høyrde og tekne omsyn til for at ein dom kunne seiast å vere rett.

Miskunn skulle passe på så ikkje vreide og fiendskap påverka domen. Rettferda skulle sjå til at ikkje domen var avsagt i vreide. *Sanninga* måtte verte høyrte, så ikkje det som er usant skulle få avgjere om nokon vart dømde. Og *fred* skulle sjå til at ikkje for harde domar vart felte i vreide og ufred. Dei fire systrene vart òg

”

Mennesket i sitt sanne menneskelege er ho som orkar å vere i lidinga, i stanken, i det djupaste av smerten der vårt medmenneske er.

omtalte som Guds døtre for å syne kor nært verdiane dei representerte, stod det guddommelege. Viss *motkraft* skal vere eit teikn ved vår kyrkje og samtid i dag, bør vi igjen sjå til desse omgrepa – *miskunn, sanning, rettferd og fred* – som eit etisk kompass; ein romleg storleik i verda, der vi ser dei som ei forplikting vi kan og skal legge på vår samtid.

Medkjensle

Kong Magnus viste ein genuin vilje til Kristus-etterfylgjing, som i sitt inste vesen inneber å ikkje vere redd for å vere der lidinga er. Dei som har ressursar, kan prate for seg, – dei fattige kan ikkje det. I kong Magnus si lovgjeving, han som var oppdratt i at for å fylgje Kristus skal ein leve som den fattige, er Kristus den *fattiges ombod*, som også helgenane er det. Eit ombod er likestilt og taler saka for den fattige. Guds standard er at dei fattige skal få sin rett. Her gjeld ikkje den sterkaste sin rett, men rettferd. Kong Magnus hadde Heilag Olav som sitt førebilete til Kristusetterfylgjing.

Om vi tek Jesu ord på alvor om å fylgje etter han, har vi alle eit kall til å vere den fattige sitt ombod, den rettslause sin forsvargar og til å gje stemme til dei som ikkje har kraft til å la si stemme lyde. *Medkjensle* bør slik også vere eit aspekt vi alltid løftar fram, og eit særleg aspekt i dette jubileumsåret. Det er ikkje tilfeldig at evangelieteksten i den økumeniske festgudstenesta på Moster 2. juni var forteljinga om den miskunnssame samaritanen.

Klokskap og kunnskap

Vi skal ikkje tenke lite om betydninga av det som samlar oss i eit jubileumsår som det vi no er i. Den norske kyrkje som folkekyrkje og majoritetstrussamfunn skal ha – og tek – ei samlande rolle på vegner av det store fellesskapet med klokskap og kunnskap. I møte med det livssynsopne samfunnet må vi ikkje blir forlegne og trekke oss attende fordi vi trur vi ikkje kan ta den rolla. Tvert om: Vi skal be inn og innleme, og dele raust med kvarandre av vår arv og kompetanse. Og vi skal fremme *motkraft og medkjensle* som våre viktigaste middel for å verkeleggjere Jesu kyrkje på jorda og rettferd mellom menneske.

Ragnhild Jepsen er biskop i Bjørgvin og for dei norske kyrkjene i utlandet (Sjømannskyrkja). Ho kjem frå Ål i Hallingdal og har vore prest i over 25 år, fyrst som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og domprost i Nidaros domprosti.

Kva skjedde på Moster i 1024?

Av Alf Tore Hommedal

Me markerer i 2024 at det er gått tusen år sidan kristne verdjar og tankesett byrja påverka og prega norsk lov og samfunnsstruktur.

Kristenretten skal vera sett på Mostratinget i Sunnhordland, kanskje i 1024. Men kva skjedde på Moster? Og kvifor var det då tid for ei fyrste lovsetting av tankar og haldningar som var med på å skapa verdjar både for det norske mellomalderriket og for dagens norske stat?

Moster-vedtaket byggjer på at det innan dei norske landskapa i dei føregåande hundreåra hadde vakse fram lokale tingordningar, og at det på 900-talet og tidleg 1000-tal vart etablert ei rettsinndeling i fire norske, regionale lagting: Gulatingsområdet, Frostatingsområdet, Eidsivatinget og Borgartinget.

Det er særleg Gulatingslova som syner til kristenrettsvedtaket biskop Grimkjell og kong Olav Haraldsson, han som seinare vart Olav den Heilage, skal ha fått gjort på Moster. Men Moster var ingen tradisjonell regional tingstad og slett ikkje tingsta-



Olav den heilage og biskop Grimkjell heldt ting på Moster der kristenretten eller kyrkjeordninga i Noreg blei innført. Foto: Peter Tubaas, Vestland Media for Moster 2024 AS.

den for Gulatingsområdet. Den kristenretten som skal ha vorte vedteken på Moster, vart fyrst ført på pergament på 1100-talet, og han rommar dermed også tillegg og endringar gjort etterpå. Når til dømes Olsok er mellom dei kyrkjelege festdagane som skal haldast, kan denne festen ikkje

vera vedteken på Moster sidan kong Olav leid martyrdøden i 1030 og vart helgenerklært fyrst i 1031.

Året 1024 er usikkert og eigentleg noko historikaren P.A. Munch rekna seg fram til på 1800-talet. I det heile er det mykje usikkert

”

Kanskje kan Moster-vedtaket sjåast på som ein «mal» eller «intensjonsavtale», som så kunne tilpassast og vedtakast for kvart enkelt av dei fire lagtinga?

rundt det historiske i forteljingar om Moster og kristenrettsvedtaket. Men det er ein historisk kjerne i eit kristenrettsting på Moster i 1020-åra, med dei fylgjene vedtaket fekk. Kanskje kan Moster-vedtaket sjåast på som ein «mal» eller «intensjonsavtale», som så kunne tilpassast og vedtakast for kvart enkelt av dei fire lagtinga Eidsivating, Gulating, Frostating og Borgarting? I alle høve er det desse fire kristenrettane me no har å byggja på.

Moster-vedtaket syner at Sida-skipti – trusskiftet – i delar av dei norske områda var kome så langt i overgangen frå norrøn åsatru til kristentru at der var grunnlag for formelle reguleringar av ritual og organisasjon. Dette gjeld ikkje minst vestlandskysten og kan vera med på å forklara at Moster vart tingstaden. Dei mange gudane til Åsatrua gjorde det kanskje lettare å forstå og akseptera helgenane i kyrkja, men eitt element ved dei pålagde nye kyrkjefestane må i den fyrste

tida har vore svært framandarta: Lyden frå kyrkjeklokker må ha vore «invaderande» for dei som eigentleg heldt fast ved den gamle trua, men inkluderande for dei som trudde på Kvitekrist og kjende noko til liturgi og bønoliv. Klangen frå klokkene må også på ein ny måte ha vore både definerande og strukturerande for dagen, årstida og året.

Vikingtidssamfunnet var eit ættesamfunn der garden stod sterkt som sosial arena. Særleg må det nye påbodet om at alle skulle gravleggjast på ein kyrkjegard, ha vore «tungt å svelga» for folk som levde i tradisjonen der ætta hørde garden til. Ei viktig endring i menneskesyn kom dessutan ved at alle, etter kristen tanke, er skapt i Guds bilete. Difor skulle også alle – frå stormann til trælkinne – gravleggjast på kyrkjegarden. Dette kunne oppfattast som ein ny og likeverdig tanke inn i døden. Men når kristenrettane både i Eidsivating- og Borgartingslova regul-

erer gravplasseringa ut frå stand, då ser me at samfunnshierarkiet levde godt inn i døden også i kristen mellomalder.

Kva tru den enkelte hadde kan likevel korkje lesast ut av messedagar eller gravleggingsmåte. Der har nok norm vore viktigare enn tru. Men i skaldedikta, som er overleverte munnleg uendra i generasjonar, har norrønfilologoen Else Mundal kunna visa ei «trusutvikling» i dikta. I dei eldste dikta omtalar skalden Kvitekrist som «dei andre» sin gud. Han er til dømes «Romas sterke konge» eller «munkane sin konge». Men seinast på 1100-talet er Kristus komen nærare og mellom anna blitt til «han som frelser verda» – altså noko som også gjeld skalden sjølv.

Det er vanskeleg for oss å seia konkret kva som skjedde på Mostratinget, kanskje i 1024. Men at vedtaket fekk store konsekvensar for folk og samfunn like til vår tid, det veit me.

Alf Tore Hommedal kjem frå Voss og er professor i mellomalderarkeologi ved Universitetsmuseet ved Universitetet i Bergen. Han har forska på religionsskiftet for tusen år sidan med utgangspunkt i mellomalderanlegga på Selja og Kinn og legenda om helgendronninga Sunniva og Seljumennene.

Frans av Assisis bøn

Herre, gjer meg til ein reiskap for din fred.
La meg bringe kjærleik der hat herskar,
tilgiving der ein er såra og sint,
tru der tvil råder.

La meg bringe forsoning der strid råder,
sanning der villfaring råder,
lys der mørke rugar,
og gi glede der sorg tynger.

Å, Meister!
Gi at eg ikkje søker så mykje å bli trøysta
som å trøyste,
ikkje så mykje å bli forstått
som å forstå,
ikkje så mykje å bli elska
som å elske!

For det er ved å gi at vi får.
Det er ved å gløyme oss sjølv at vi finn oss sjølv.
Det er ved å døy at vi står opp til det evige liv.

Tekst: Anonym, rundt 1913.

Ådne Skiftun, som er pensjonert sokneprest i Bjørgvin, har laga ei heilt ny omsetjing til nynorsk for Stille Stunder frå fransk, engelsk og bokmål.

Frans var ein rikmannsson frå byen Assisi i Italia som valde å bruka livet sitt på å hjelpa dei fattige. Han etablerte ein orden, som på mange måtar kan minna om Frelsesarméen og Kirkens Bymisjon, der den viktigaste kristne forkynninga låg i sosialt arbeid. Kong Magnus Lagebøte hadde ei interesse for Assisi og valde å bli gravlagd i fransiskanarkyrkja i Bergen, som i dag er domkyrkja i byen.



Frans av Assisi i ekstase.
Måleri av Stefano di Giovanni

Magnus Lagabøter: Ein usedvanleg norsk mellomalderkonge

Av Jørn Øyrehaugen Sunde

Magnus Lagabøter skulle ha vore den norske mellomalderkongen vi visste aller mest om.

Kong Magnus 6. Håkonsson (1238-1280) var i si samtid kjent som den gode, men frå 1400-talet vart han kjent som Lagabøter – den som gjorde retten betre. Magnus Lagabøter er ein av dei norske mellomalderkongane som i størst grad har vore med på å forma det norske samfunnet, ikkje minst gjennom sitt store lovgjeving-sarbeid, der Landslova er sjølv kjernen.

Tapt søge om Magnus Lagabøter

Magnus Lagabøter skulle ha vore den norske mellomalderkongen vi visste aller mest om. Han bad islendingen Sturla Tordsson, som hadde skrivne saga til Håkon Håkonsson, om å skriva ei søge om han mens han framleis levde. Lagabøter og Tordsson kjende kvarandre og arbeidde truleg saman på den islandske lovboka Jarnsiða. Sturla Tordsson hadde i tillegg tilgang på alle dei som hadde kjent og arbeidd saman med kongen, samt det kongelege arkivet. Med andre ord burde Magnus Lagabøter si søge ha vore den rikaste på historiske opplysningar med stor grad av truverd.



Europeisk storverk: Magnus Lagabøter er ein av dei norske mellomalderkongane som i størst grad har vore med å forma det norske samfunnet, ikkje minst gjennom Landslova av 1274. Foto: Nasjonalbiblioteket

Magnus Lagabøter si søge har diverre gått tapt, og berre nokre få blad er bevart. Dermed er det spreidde referansar i Håkon Håkonssons saga og islandske oppteikningar, saman med nokre opplysningar i skotske kjelder, som kan fortelja oss noko om kven Magnus Lagabøter var. Han vert dermed paradoksalt nok ein av kongane i norsk mellomalderhistorie som vi veit minst om. Dette er nok ei årsak til at det er skriven lite om Magnus Lagabøter. Men då har ein oversett det som er hovudkjelda til å bli kjent med og forstå Magnus Lagabøter, nemleg

Landslova av 1274 og dei andre lovarbeida hans.

Eksepsjonell konge i europeisk historie

Landslova av 1274 er ei av tre riksdekkjande lovbøker laga på 1200-talet i Europa. Den er éi av berre to av dei riksdekkjande lovbøkene som regulerte samfunnet i si fulle breidde, og den einaste som vart tatt aktivt i bruk. Når det i tillegg vert understreka at Landslova berre er éi av dei fire lovbøkene. Magnus Lagabøter laga som fekk verknad over mange hundre år, så gjer dette at han står fram som ein



”

Med Landslova fekk
dei fattige rett til
å stela mat for
å redde livet utan
å verta straffa

Som den fremste eksperten på Landslova, har Jørn Øyrehagen Sunde hatt mykje å gjere i Verdiåret 2024. Her under Jubileumsveka på Moster tidlegare i år. Foto: Peter Tubaas, Vestland Media for Moster 2024 AS

ganske eksepsjonell konge i norsk og europeisk historie.

Dette indikerer at Magnus Lagabøter i si samtid hørde heime i det ypparste politiske sjiktet i Europa. Inntrykket vert stadfesta av at pave Nikolaus 3. i 1279 gav Magnus Lagabøter eit storslått privilegium: Alle som bad for kong Magnus, dronning Ingeborg og baronane deira si sjel, skulle sjølv få 100 dagar avlat. Mellom europeiske kongar på 1200-talet var det berre kong Ludvig 9. den

heilage som fekk eit tilsvarende stort privilegium av paven.

Lagleg god til å lytta

Magnus Lagabøter var altså ein usedvanleg mektig konge og må ha hatt jernvilje. Samstundes må han ha vore lagleg god til å lytta. For Landslova er både innovativ og radikal i sine løysingar på akutte samfunnsutfordringar. Brage Hatløy har på ein svært truverdig måte estimert at Landslova inneheld 50 prosent gamal rett som er overført med ingen eller små endringar, og

50 prosent rett som er mykje endra eldre rett eller heilt ny rett. Sjølv om vi må rekna med at tida hadde sprunge frå den eldre retten, og behovet for endringar var ganske innlysande, må Landslova ha ført til store endringar i samfunnet sine sosiale, økonomiske og politiske strukturar. Ingen likar å mista posisjon og makt. Likevel vart Landslova mottatt utan protestar.

Radikale reglar

Dette siste vert enno meir overraskande når ein har i minne kor

radikal Landslova var på fleire punkt. Med Landslova fekk den fattige, svoltne og arbeidsuføre rett til å stela mat om dei ikkje fekk almisser. Dei som hadde eit over-skot på såkorn i uår, fekk plikt til å selja kornet til normal pris (prisen på kornet når det ikkje var uår), og kunne drepast om dei nekta folk såkorn med våpen i hand. Hemn-retten vart forboden. Ingen hadde plikt til å betala gjeld dersom det tok frå dei evna til å forsørgja kone og barn. Og alle kvinner fekk arv-rett sjølv om dei hadde brør, alle kvinner vart myndige når dei fylte 20 år, og alle myndige kvinner med eiga formue (som dei hadde fått til dømes gjennom arv) kunne i real-iteten gifta seg med den dei ville.

Desse radikale reglane var tankar som var diskutert i euro-peiske teologisk filosofi på 1100-

og 1200-talet. Magnus var sjølv, ifølgje ei skotske kjelde, utdanna av fransiskanarar i Bergen, og i følgje ei anna skotsk kjelde var han særst lærd. Kanskje var det gjennom utdanninga han vart kjent med regelen som at den svoltne kan stela mat for å redda livet utan å verta straffa. Dette er ein idé ein finn i verket *Decretum Gratiani* frå 1140-talet, og som seinare vart fremma av Thomas Aquinas i hans førelesingar i Paris på 1260-talet.

Stor nok til at andre tok plass

Det kan vera vanskeleg å skilja kva som var Magnus Lagabøter sine idear, og kva som kom inn i Landslova fyrst og fremst etter initiativ av hans nære medarbeidarar. Dei fremste premissleverandørane for Landslova av 1274 ved sida av kongen sjølv, var truleg Tore

biskopsson Håkonsson, Audun hestakorn Hugleiksson, og dronning Ingeborg. Men det at kongen omgav seg med sterke personar og dyktige politikarar som sine rådgjevarar, seier oss òg noko om kven Magnus Lagabøter var: Han var stor nok til å omgje seg med rådgjevarar som sjølve tok stor plass.

Landslova av 1274 er eit storverk i norsk og europeisk historie. Det er difor ikkje til å undra seg over at Magnus Lagabøter var ei stor norsk og europeisk mellomalderkonge.

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie ved Universitetet i Oslo og forskar ved Museet Baroniet Rosendal. Han kjem frå Uskedalen i Kvinnherad og har skrive boka «Kongen, lova og landet» og «1000 år med norsk rettshistorie».

Lagabøte eller Lagabøter?

Den som har auge for språklege detaljar, la kanskje merke til at det i teksten over står "Lagabøter", ikkje "Lagabøte". Jørn Øyrehagen Sunde fortel at han skriv konsekvent Lagabøter med r og forklarar det slik: «Fram til 1900-talet skreiv dei fleste Lagabøter. Årsaka var at ein ikkje oppfatta lagabøter som ei skildring av ein person, men av ei gjerning. I så fall vert rett omdanning av den norrøne endringa -ir i Lagabøtir til -er i Lagabøter».

På 1920-talet byrja enkelte å skriva Lagabøte, og Sunde mistenkjer at dei meinte Lagabøte var meir norrønt. Men i dag er det meir vanleg

å grunngje valet med at Lagabøter er eit tilnamn, og namn som endar på -ir på norrønt vert i dag skriva -e (Sverrir – Sverre). Denne skrivemåten vart vanlegare utover 1960-talet og gjekk etter kvart frå å berre verta nytta på nynorsk til å verta nytta av alle, og mest frå slutten av 1990-talet.

I dag er det ikkje så mange som Sunde som skriv Lagebøte med r: «Av 170 avisreferansar i 2023 til Lagabøte/Lagabøter var 143 til Lagabøte, av 70 tidsskriftsreferansar var 57 til Lagabøte, og av 92 referansar i bøker var 76 til Lagabøte», skriv han i ein e-post til Stille Stunder.



På notatblokka

Kryssordløysing frå sist

Fagert er landet Gud oss gav. Vakkert det skin når himmel møter hav.

Trøyst

er tema for oktober-nummeret av Stille Stunder. Har du eit dikt eller ein salme som har gjeve deg trøyst i tunge stunder, eller som gjev håp og optimisme? Ta gjerne kontakt! Forteljingar, refleksjonar og livsminne er også av interesse. Og foto! Vi ber om at de sender til hannemariemolde@hotmail.com innan 8. september. Nummeret kjem etter planen ut i veke 41.

Eit dikt

av Aasmund Olavsson Vinje vil me trykka i kvart nummer av bladet framover. Denne gongen er det «Den dag kjem aldri» som kom i 1866 som ein del av diktverket «Storegut».

Ny nettside

Stille Stunder har fått ny nettside! Stillestunder.no. Her kan ein raskt og enkelt tinga bladet. Det er også mogeleg å gje det som gåve til andre de trur kunne ha glede av det.



Slåmaskina står att

Bente Holsen Furnes har sendt oss eit bilete frå ein fråflytta nabogard i Bygstad i Sunnfjord.

Løysing på sist kryssord

		S	D		G	A											
	G	Å	T	E	F	U	L	L	E								
		T	A	B	U	R	E	T	T								
		A	V	L	A	N	G	T	A	T							
			A	L	T	K	L		N	E							
F			N		U		D	R	T	I	E	N	D	R			
V	A	K	K	E	R	T	D	E	T	S	K	I	N				
	G	A	U	D	A	O	S	T	I	S	S	E	N	N			
	E	T	T	E	R	P	Å	O	R	D	T	A	K	A	B	Å	
	U	R	E	T	T	I	U	R	L	E	I	K		A	R		
Æ	T	T	R	E	T	Ø	M	L	E	M	M	I	H				
		H	A	N	A	R			N	L	Å	M	A	V			
	P	E	L	A	R	G	O	N	I	U	M		G	L	Å	M	A
		R	E	V	I	S	J	Ø	N	N	A	A	L	F	L	A	G
		L	L	A	N	D	E	T	G	U	D	O	S	S			
	U	T	L	E	G	G	K	E	H	A	R	M		R	A		L
	R	I		N			S	R	I	R	U	I	N	M	K	A	I
		P	U	K	K	E	L		M	T	R	E		N	V		
	S	P	Å		E	M	A	N	S	I	P	A	S	J	O	N	E
		E	R	S	I	T	R	O	N	S	Å	L	A	N	D	E	T

Subst. St. St.		BYRDE DYREFEITT		SIFFER ETTER KOMMA		STÅR FAST SKIR	HESTE- KRAFT													
RESPEKT- ERE	AKSJE- SELSKAP		DEILD																	
SAMDE	UTHUSET						FUGL													
			MISTER		FLIRER															
OMRÅDE		LITE MENNESKE				LITER		PRØVE	FARTØY		KALD OG GLATT	INNAFOR FLT	SLIK	FORSVAR		HOVUD- STAD	ILATVIA			
BILAGET						GA NED (OM SOLA)					UTÆRT			OSTE- GRUNN- LAGET						
									DYREBU- STADEN	BEGRE			FORHOG							
			FARGE				1000 METER							PRESENS						
DEL AV LJÅ					GOD- KJENNING															
FISK																				
PENGAR		HARIDE OM FRAMTIDA																		
LYNNE		BUTIKK														VETTE	BEKK			
						UTDØYDD FUGL	PRONOMEN			STØKK										
UISE		GUTENAMN				PRÅKTISK		STRØ			PRONOMEN									
UTSLAG								MERKET			KORALLØY									
METALL																				
			STUNDA				KARTBOK						YTTRUM	SLANK			FLATE- MÅLS- EININGA			
ALLE																				
INDISK LÆRE- SVEIN							GRUS- RYGGEN				REPA- RERA			TENNER						
		GUDINNE																		
SVARTSIJK						EIGERETT								SINNE						
EUROPEISK HOVUDSTAD																				
		IRLAND															FUGLEN			
			MASSERE																	
LANG				SKRATTE 5. TONEN			ORGAN	GJE			DESERT				GRAM		EU TIDLEG- ARE			
JENSEN, NORSK FOR- FATTAR	RETTE- SNOR						INSTITUSJON			INVITERE					STEIN- RØYS					
				BIBELDEL				FA SEG MAT												
											ENGEL									



Foto: Marianne Bækken Christiansen

Fager kveldsol smiler

Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
Høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld!

Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg eingong blundar
i Guds faderarm.

Tekst: August Heinrich Hoffman von Fallersleben 1837.

Omsetjing: Peter Hognestad 1904.

Melodi: Johann Christian Heinrich Rinck 1827.

Norsk Salmebok 2013, nr. 817.

Norsk omsetjing vart ifølgje nynorsk.no første gong prenta i Norsk Barneblad 4.12.1904, med endra siste strofe i Stille Stunder i 1910.

Historia til den folkekjære songen vår

Av Ivar Molde

«Fager kveldsol smiler» er ein av dei verkeleg folkekjære songane våre. Det ligg nær å tenkja at det må vera ein heilnorsk song. Slik er det likevel ikkje.

Både tekst og tone er tysk. Den opphavelig tyske teksten går attende til 1837: «Abend wird es wieder». August Heinrich Hoffmann von Fallersleben er det verdige diktarnamnet. I eit par utgåver som «Aftensolen smiler» fann songen sin plass i norske og danske songbøker siste delen av 1800-talet. Men no er det som «Fager kveldsol smiler» at folk kjenner denne songen – slik også i bokmålsmiljø.

«Fager kveldsol smiler» stod på prent fyrste gongen i Norsk Barneblad nr. 49 i 1904 med overskrifta «Kveldsong.» Det siste verset lydde då slik: *So maa hjarta stræva utan kvilestund. Berre Gud kann svæva det i sælan blund.*

Under omsetjinga står det: «Etter tysk ved P.H.» Omsetjaren var Peter Hognestad (1866-1931), bondeson frå Jæren, teolog og på denne tida stiftskapellan (ungdomsprest) med særleg plikt til å halda nynorske gudstenester i hovudstaden. Hognestad vart seinare biskop i Bjørgvin, er elles kjend som bibelomsetjar og salmebok-utgjevar. Frå 1908 var han ein aktiv medarbeidar i krinsen rundt «Stille Stunder».

Den 28. mai 1910 har Hognestad eit innlegg i bladet vårt med overskrifta «Ein kveldsong.» Der skriv han: *«De kjenner alle den kveldsongen «Aftensolen smiler». Tekst og tone andar fred og samklang. Men formi for songen er dansk, baade i maal og naturbilæte. Den tyske originalen av H. Hoffmann er i grunnen mykje meir norsk. Der brusar bekken fraa fjellet, medan den danske bekken «risler sagtelig gjennom mark og skove.» Eg hev prøvt med ei omsetjing fraa den tyske originalen, ho stend i Støylens songbok, men siste verset vilde eg gjerne hava annleis, difor set eg songen her.»*

No vart siste verset sjåande slik ut:
*So mitt hjarta stundar i si
lengting varm, til eg ein gong
blundar i Guds faderarm.*

Heilt nøgd var Hognestad endå ikkje. I Halvor Fottland si Songbok for ungdomsskulen (1921) var andre lina i siste strofa endra til «bankande i barm.» Slik vart han ståande i Nynorsk Salmebok (1925) og i Landstads reviderte året etter. Men i andre songbøker (Mads Berg, Gunneng, Søråaas) levde uttrykksmåten «i si lengting varm» vidare heilt fram til 1950- og 60-talet, faktisk! I bokmåls-songbøkene levde elles «Aftensolen smiler» sitt eige liv ei tid frametter på 1900-talet. Etter kvart vart «Fager kveldsol smiler» overalt ståande att som den sigrande.

Tidlegare redaktør i Stille Stunder, Ivar Molde, skreiv denne teksten etter å ha lese ein artikkel av Terje Aarset i Dag og Tid 3. april 2004.

Returadresse:
STILLE STUNDER
V/Rolf-Atle Rolfsnes
Bakken 2
5419 Fitjar



Miskunn og sanning skal møta kvarandre,
rettferd og fred skal kyssa kvarandre.
Sanning skal spira opp av jorda
og rettferd sjå ned frå himmelen.
Herren skal gje det som godt er,
og landet vårt skal bera si grøde.

Salme 85, vers 11-13.

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

Den dag kjem aldri

Den dag kjem aldri at eg deg gløymer,
for om eg søver, eg om deg drøymer.
Om natt og dag er du like nær,
og best eg ser deg når mørkt det er.

Du leikar kringom meg der eg vankar,
eg høyrer deg når mitt hjarta bankar.
Du støtt meg følgjer på ferdi mi,
som skuggen gjeng etter soli si.

Når nokon kjem og i klinka rykkjer,
d'er du som kjem inn til meg, eg tykkjer;
eg sprett frå stolen og vil meg te,
men snart eg sig atter ende ned.

Når vinden lint uti lauvet ruslar,
eg trur d'er du som gjeng der og tuslar;
når somt der borte eg ser seg snu,
eg kvekk og trur det må vera du.

I kvar som gjeng og som rid og køyrer,
d'er deg eg ser, deg i alt eg høyrer:
i song og fløyte- og felelåt,
men endå best i min eigen gråt.

Tekst: Aasmund Olavsson Vinje, 1866

NYNORSK ANTIKVIARIAT AS
www.nynorskantikvariat.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2

Inngang Hotellkleiva
4900 Tvedestrand

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariat.no



NYNORSK
ANTI-KVIARIAT

Telefon
37 16 66 66

e-post:
tinging@nynorsk
antikvariat.no